

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv sitt føremål er; - å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap, - å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet, - å representera ein arena for vitskapeleg forsking på området, - samt vere premissleverandør overfor myndigheter. Stiftinga skal gje inspirasjon til lokal utvikling gjennom å bygge og dele kompetanse til beste for utviklinga av attraktive lokalsamfunn i og kring verdsarvområdet. Stiftinga sitt hovudsete er i Norsk Fjordsenter sine lokale i Geiranger.



VERDSARV
Geirangerfjorden

PRESSEINVITASJON

Grøn fjord konferansen 2018 – bli med på ei SPEKTAKULÆR og HISTORISK BÅTREISE

Presse / media er med dette særskild invitert til Grøn fjord konferansen 2018 og til å dekkje den historiske sjøreisa inn verdsarvfjorden. Den vert garantert makelaus!

Den 8.-9. februar 2018 arrangerer Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv for tredje gong GRØN FJORD- KONFERANSEN. Årets konferanse har fått tittelen: «Verdsarvfjordane - Noregs framtidige, GRØNE FYRTÅRN?». Denne gongen får konferansen ei fantastisk opptakt gjennom ein båttur frå Ålesund inn Geirangerfjorden.

«Vision of the Fjords» - ein hybridbåt bygd av verftet Brødrene Aa i Sogn og Fjordane – har vunne fleire nasjonale og internasjonale prisar for innovasjon og design. Mellom anna vart båten frå reiarlaget The Fjords kåra til «Ship of the year» på verdas største skipsfartsmesse i Hamburg i 2016. Aldri før har ein passasjerbåt av ein slik størrelse og på ein miljøvennleg måte sigla inn Geirangerfjorden, – elektrisk (hybrid), lydlaust, historisk og tilnærma sporlaust! Er det slike farty vi vil sjå framover? Denne pilotturen vil du ikkje gå glipp av!

Konferansen har frå fyrste år vore ein viktig møteplass for inspirasjon og kunnskapsbygging kring grøne løysingar, forsking og berekraftig utvikling av fjordlandskapet. Dagsaktuelle tema vert sett på dagsorden og vi spør oss: **Kan vi snu blårøyk, eksos, trafikkaos og fråflytting – til grøne, reine og idylliske fjordsamfunn i vekst? Har vi gode nok verkty for å nå visjonen om «sporlaus ferdsel»? Er næringslivet klar for den grøne omstillinga?** Under årets konferanse vil vi drøfte nye politiske verkemiddel som miljøsonopolitikk på land, og deltakarane vil få grundigare innblikk i dei tiltaka Sjøfartsdirektoratet tilrår for å få meir miljøvennlig ferdsel på fjorden. Vi utfordrar fagmiljø, forvalting og politikarar til å seie noko om korleis vi i praksis kan nå statlege ambisjonar for verdsarvområda.

Møre og Romsdal fylkeskommune er medarrangør til Grøn fjord Konferansen 2018 og ein engasjert fylkesordførar ser fram til spennande konferansedagar:

- «**Naturlegvis skal turistane i framtida oppleve verdsarvområda på ein verdig og berekraftig måte. Besøkande må forvente at fjordane er fri for forureinande utslepp både i lufta og i vatnet. Dei tekniske løysingane for å få til dette har vi. Sjølvsagt skal dei takast i bruk! Dei som sel opplevingar i dette eksklusive landskapet må ta omsyn til at det er naturen som er opplevinga»,** avsluttar fylkesordførar Jon Aasen.

Konferansen er open for alle.

Vår påstand:

- Kanskje kan vi gje dykk mogelegheita til å fange dei mest spektakulære bileta og filmsnuttane vi nokon gong har sett frå Geirangerfjorden?

NB! Det er begrensa plassar på båten og konferansen, så ver raskt ute å bestille plass!

Vedlagt følgjer programmet: Vi voner at de kan gi oss god omtale av konferansen også i forkant.

Vedlagt følgjer bilete av hybridbåten «Vision of the fjords». Bileta skal akkrediterast: sverrehjornevik.com/Flåm AS.

For meir informasjon – kontakt:

Katrin Blomvik, dagleg leiar i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Mobil: 95 42 73 90 Mail: katrin@verdsarvfjord.no